

Arrangement natur og friluftsliv

Måndag 22. juni: Fjellstafettur til Robølshøvda. Oppmøte Moatunet kl. 10:45 eller Nørre Robølsvegen kl. 11:00 Arr: Øystre Slidre frivilligsentral

Onsdag 8. juli: Fjellstafettur til Midtre Saur. Oppmøte startpunkt Tansberg kl. 11. Arr: Øystre Slidre frivilligsentral

Sundag 2. august: Fjellstafettur til Perstølhagen. Oppmøte startpunkt Liaåsen kl. 14. Arr: Øystre Slidre frivilligsentral

* Fjellstafetten har offisiell start 28. juni, men enkelte toppar vil være sett opp før den tid. Følg med på «Fjellstafetten i Øystre Slidre» på Facebook for oppdatering

NB! Grunna elgjakt i området takast posten på Robølshøvda ned 15. september

Underteikna har vore på minst 10 av toppane.

Namn: _____


Adresse: _____

Postadresse: _____

Alder: _____ (for dei under 11 år). Innsendingsfrist er **21. oktober**

Kryss av for 10 toppar på ein dag

Fjellstafetten arrangeres i samarbeid mellom:



Øystre Slidre kommune
Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes
Tlf. 61 35 25 00

ØYSTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Tlf. 61 35 25 48



Øystre Slidre idrettslag - trim- og friidrettsgruppa og Rogne idrettslag

Fjellstafetten 2020

28. juni til 11. oktober *



Skarvemellin er eit av turmåla i år, her frå vestsida. Foto: Tor Harald Skogheim

Skilta ruter til 12 fine utsiktspunkt med eigen kode på kvar topp. Turar for heile familien – bli med du også!

Kopp med motiv til dei som har gått minst 10 av turane og T-skjorte til dei som har vore på 10 toppar i fem, ti år og femten år. Desse kan hentast på kommunehuset Tingvang frå 28. desember. Det vert **ikkje** sendt ut brev.

I 2020 blir Fjellstafetten litt anngleis grunna koronasmitta. Det er derfor ingen registreringsbok på toppen, men ein unik kode som noterast i denne brosjyren.

Lik øg «**Fjellstafetten i Øystre Slidre**» på Facebook.


Me ynskjer alle ein riktig god tur!



Turmål fjellstafetten 2020

Meir detaljert info om turmåla blir lagt ut på www.oystre-slidre.kommune.no

1. Heimdalsbrynadn (1428 moh) - start Valdresflye
2. Øystre Rasletinden (2010 moh) - start Flye 1389
3. Fisketjednnuten (1527 moh) - start Flye 1389
4. Gravolskampen (1281 moh) - start Båtskardstølane
5. Svoberget (1233 moh) - start Olestølen
6. Kringlehøgde (1474 moh) - start infoplassen Langsua (Storeskag)
7. Kjølafjellet (1225 moh) - start Heimre Kjølastølen
8. Robølshøvda (886 moh) - start Nørre-Røbølsvegen 48
9. Høgd sør for Midtre Saur/Store Saursvatnet (1070 moh) - start Tansberg
10. Rabalsmellin (1111 moh) - start Vangsjøen fjellstue
11. Perstølhaugen (1042 moh) - start Liaåsen
12. Skarvemellin (1276 moh) - start aust for heimstølen/ferista



Tips til deg som går på tur i områder med frittgående storfe, og spesielt viktig dersom du har med deg hund:

Kyr er ikkje farlege, men dei har eit sterkt morsinstinkt og vil gjøre alt dei kan for å beskytte kalven sin om dei føler seg truga. Storfe utan kalv kan og vise uønskt interesse for folk og hundar.

1. Hald god avstand!
2. Trekk deg roleg og tydeleg tilbake, eller gå ein omveg.
3. I ein akutt situasjon der kua viser teikn til å angripe: slepp hunden laus

Dersom du ser skada eller døde beitedyr ber me om at du kontaktar kommunen på tlf. 909 26 339. Tid, stad og farge på øyremerke/halsring er viktige opplysningar.

Dato- og kodelogg

Dato	Kode frå topp
------	---------------

1	
2	
3	
4	
5	
6	
7	
8	
9	
10	
11	
12	

Fjellstafetten pågår i perioden 28. juni til 11. oktober. På startpunktet finn du kartutsnitt med inntekna stig – tilrådd rute. Fyll ut dato- og kodeloggen på denne siden og send inn foldar med namn og adresse til kommunen eller Fjellstyrekontoret (adresse Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes) **innan 21. oktober**. Hugs at skjema til skule- og barnehagekonkurransen leverast til skulen/ barnehagen.